



Arkivnr: 2016/5238-4  
Saksbehandlar: Rolf Rosenlund

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		03.11.2016
Fylkesutvalet		16.11.2016

## Søknad om tilskot til ferjesambandet Breistein-Valestrand

### Samandrag

Osterøy Ferjeselskap AS har søkt om kr 1.440.000 i tilskot til drifta av sambandet i 2016. Innføring av tidsdifferensierte bompengar og bortfall av bompengar på Osterøybrua har gjeve eit inntektsbortfall i fyrste halvår på 15% . I 2. halvår ser det ut til at trafikken har stabilisert seg. Spørsmålet om fylkeskommunalt tilskot til drift av sambandet har vore politisk handsama fleire gonger før. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at stoda for selskapet har endra seg vesentleg frå tidlegare søknader, og kan difor ikkje rå til at fylkeskommunen yter tilskot til selskapet.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet finn ikkje å kunna løyva tilskot til drift av ferjesambandet Breistein-Valestrand i 2016.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

- 1 Søknad om tilskot Breistein-Valestrand
- 2 Sambandet Valestrand-Breistein(1)

## Fylkesrådmannen, 20.10.2016

### Innleiing

Osterøy Ferjeselskap AS (OFS) har i brev av 25.05.2016 søkt om tilskot på kr 1.440.000 til drift av ferjesambandet i 2016. Osterøy kommune har i brev av 30.08.2016 støtta opp om søknaden.

OFS starta opp ferjedrifta i mai 2004, etter at HSD sa frå seg vidare drift, og har sidan drifta sambandet med ei ferje. Sambandet hadde i 2015 68 daglege avgongar og frakta 226.000 pbe og 390.000 passasjerar. Sambandet er såleis mellom dei største i Hordaland.

### Om søknaden

Ferjeselskapet registrerar nedgong i trafikktalet og inntekter etter at bompengeneinnkrevinga på brua vart avslutta i juni 2015. Inntektene gjekk ned med 3% frå juni til desember 2015, og ytterlegare 12% i 2016 når det vart innført tidsdifferensierte bompengar i Bergen. Selskapet skriv m.a. i søknaden:

*Skal sambandet vera i drift, må det sikrast økonomisk. Det kan løysast med at sambandet kjem inn under HFK sitt ansvarsområde, og såleis vera med i neste anbudsrunde. Viser til møtet 11.sept. 2015 i Regionrådet for Nordhordland. Der vart sambandet teke med i saksframlegget.*

*Ca. 60 % av kollektivtrafikken til/frå Osterøy går med ferja, og det er korrespondanse på Breistein på alle avgangar (kvar 1/2 time) .*

*Drifta framover kan sikrast med eit tilskot som dekker tapt trafikkinntekter og nødvendig vedlikehald inntil det er vedteke noko om oppretthalding av ferjesambandet.*

.....

*Utan ferjesambandet vert det mykje vanskeligare å reisa kollektivt, då alle må om Indre Arna. Det er heller ikkje nemnt nokon stad at sambandet kan avlasta E16 når Arnanipatunnellen er stengt, eller det er andre hindringar på strekninga! Etter innføring av rushtidsavgift i Bergen, har trafikken gjennom Arnanipatunnellen og Grimesvingane økt betydelig. Om ikkje sambandet sikrast må over 500 bilar slusast same vegen mellom kl 0600 og 2000 kvardagar.*

*Med tanke på alle fordelar det er med ferjesambandet, søker Osterøy Ferjeselskap AS om kr. 1.440.000 i driftsstøtte frå 1.juli og ut året 2016.*

### Brev frå Osterøy kommune

Osterøy kommune er uroa over utviklinga når det gjeld ferjesambandet Valestrand-Breistein. Kommunen skriv m.a.:

*Sambandet har stor betydning for kommunen da det er med å sikra ein godt fungerande skule- og arbeidsmarknad på begge sider av fjorden. Valestrandsområdet er i stor vekst, og det er fleire utbyggingsområde som er i ferd med å verte realisert, dette vil vera med på å sikra driftsgrunnlaget for ferje i framtida.*

*Sambandet i kombinasjon med eit godt buss-samband til/frå Osterøy –Åsane-Bergen Nord og Nordhordland gir Osterøy eit særst godt kollektivtilbod som mange av våre innbyggjarar nyttar. Mange tilsette i kommunen er busette i området Åsane, Hylkje/Nordhordland og fleire av innbyggjarane på Osterøy pendlar og denne vegen.*

*Osterøy kommune har eit godt samarbeid med Nordhordlandskommunane på fleire område, og i dette samarbeidet er sambandet særst viktig. Sambandet fungerer og som avlastning for E16 ved stenging av Arnanipatunnelen.*

*Vi ber om at det vert utgreidd ulike ordningar for å sikre framtidig drift av sambandet, f.eks:*

- *Sambandet vert tatt inn i det ordinære ferjeambudet til Hordaland fylkeskommune*
- *Osterøy ferjeselskap vert tildelt årleg driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune*
- *Sambandet går inn som ein del av eit offentleg forsknings- og utviklingsprosjekt.*

*Det er stor interesse for å nytta ferja som laboratorium for utvikling av hydrogenferje da den ligg tett på Bergen og forskningsmiljøet der. Ferja har omkøyringsveg så slik at om det skulle vera naudsynt med stopp grunn montering og testing av utstyr osv, vil ikkje det vera kritisk.*

### **Tidlegare saker som omhandlar støtte til Osterøy Ferjeselskap**

Dei siste åra har det vore lagt fram fleire saker med tilknytning til OFS. I sak 38/12 handsama fylkesutvalet «Søknad frå Osterøy Ferjeselskap AS om støtte til pilotprosjektet «Heilt elektrisk». I pkt 2 i vedtaket heiter det:

*Fylkesutvalet ber administrasjonen utarbeida eit grunnlag for å vurdere korleis det samla transportbehovet til og frå Osterøy skal løysast etter at Osterøybrua er nedbetalt. Denne vurderinga må ligga føre seinast ved utgangen av 1. halvår 2012.*

Oppfylgjande sak om dette vart handsama av fylkesutvalet på møte 29.08.2012, sak 195/12, og det vart fatta slikt vedtak:

- 1. Fylkesutvalet finn ikkje grunnlag for å ta ferjesambandet Valestrand-Breistein opp som eit fylkeskommunalt tilskotssamband når bompengerekkeringa på Osterøybrua fell vekk.*
- 2. Dersom det skulle syne seg at kommersielle aktørar ikkje lenger ønskjer å drifta ferjesambandet, godkjenner fylkesutvalet eit bussopplegg for Osterøy i tråd med det som er skissert i saka.*

I 2015 søkte selskapet om tilskot til drift av selskapet for 2. halvår då ein rekna med at bortfall av bompengar på Osterøybrua ville gje eit inntektsbortfall på 15%. I ettertid har det synt seg at inntektsbortfallet vart 3%, ref. gjeldande søknad om støtte. Fylkesutvalet fatta fylgjande vedtak i saka:

*Fylkesutvalet stadfestar vedtaket av 28.08.12 i sak 195/12.*

Som det går fram av ovanståande har fylkesutvalet tidlegare både vurdert spørsmålet om å yta støtte til drifta av sambandet, og å ta sambandet opp som eit fylkeskommunalt subsidiert samband. Begge deler er avvist.

### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Alle subsidiert ferjesamband i fylket er no lagt ut i ein ny anbudsrunder. Når fylkesutvalet handsama vilkåra og innretninga av dei nye konkurransegrunnlag, var sambandet Valestrand-Breistein ikkje ein del av dette. Sambandet vart sett på som eit kommersielt samband som fylkeskommunen ikkje inkluderte i anbudsprosessen.

Fylkeskommunen sine innkjøp av ferjedrift fell inn under reglane i Lov om offentlige anskaffelser (LOA). Eventuell subsidiert ferjedrift på strekninga kan såleis som hovudregel berre finna stad på grunnlag av konkurranse. Det inneber at fylkeskommunen ikkje utan vidare kan gje direkte tilskot til OFS til drift av ferjesambandet.

Spørsmål om tilskot til drifta av Osterøy Ferjeselskap AS har vore politisk handsama fleire gonger dei siste åra utan at det er løyvt midlar. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at situasjonen denne gongen er vesentleg endra i forhold til tidlegare søknader. Fylkesrådmannen kan difor ikkje rå til at det vert løyvt midlar til drift av sambandet.

Osterøy kommune sitt innspel om at sambandet kan gå inn som ein del av eit offentleg forsknings- og utviklingsprosjekt for hydrogendrift, ligg etter fylkesrådmannen si vurdering utanfor denne saka si råde, og må eventuelt fylgjast opp av selskapet mot andre offentlege instansar.